VÊRET I DAG

*Alle dagtemperaturar og vêrvarsler er for kl. 12 lokal tid



LANGTIDSVARSEL

TORSDAG	FREDAG
14°	16°
2,1 m/s	2,6 m/s

LAURDAG	SUNDAG
17°	17°
2,3 m/s	2,7 m/s

SOLA & MÅNEN

	I DAG	I MORGON
Opp	04.53	04.55
Ned	22.37	22.35
Opp	06.01	07.29
Ned	23.51	23.54

BØLGJEVARSEL

ONSDAG	Morgen:	2 m
	Middag:	1,8 m
	Kveld:	1,7 m
TORSDAG	Morgen:	1,8 m
	Middag:	1,6 m
	Kveld:	1,3 m

KYSTVÊR

SVORTLAND	
I dag	4,1 m/s
I morgon	2,1 m/s
LANGEVÅG	
I dag	4,4 m/s
I morgon	3,7 m/s

FLO & FJØRE

	I DAG	I MORGON
↑		01.12
	13.04	13.39
↓	06.53	07.27
	18.51	19.23

INNEKLIMA ER VIKTIG!
HAR DU RENGJORT VENTILASJONSKANALENE?
Ring Joakim, 902 07 371
BLINK HUS Steinsbø
LOKAL KVALITET

TURISTBYAR I DAG

Acapulco	+26
Algarve	+32
Alicante	+32
Kreta	+31
Larnaka	+34
Las Palmas	+25
Las Vegas	+30
Madeira	+16
Malaga	+42
Mallorca	+37
Miami	+28
Nice	+30
Phuket	+26
Rhodos	+40

Dei førebur seg på eit storinnrykk av roarar

Hos Bømlo Kystlag bur dei seg på å etter kvart ta mot trebåtentusiastar og roarar frå heile Vestland fylke.

Nils-Tore Sele
nils.tore@bomlo-nytt.no

GLER SEG: Sigurd Geitung og Eirik Ådnanes ser fram til å vera vertskap for Den store roen i byrjinga på august. Kystlagsentusiastane fortel at det er venta mange færingar og rorarar frå kommunane i Vestland til arrangementet. BEGGE FOTO: NILS-TORE SELE

Dei er kalde og rolege enno, Eirik Ådnanes og Sigurd Geitung i Bømlo Kystlag, men helga 4. - 6. august brakar det laus. Då er kan henda pulsen litt høgare, for då skal kystlaget på Bømlo vera vertskap for Den store roen.

Den vertskapsrolla deler dei med Geopark Sunnhordland og Vestland fylkeskystlag.

Og tittelen på arrangementet handlar ikkje om mindfulness, at alt skal vera fredeleg og roleg den helga, men det er rett og slett snakk om ei stor samling av roarar frå heile fylket.

I flotte færingar.

Roleg ro-helg

Eit arrangement der trebåt- og kystkultur- og kystlags-entusiastar samlast for å ro, læra nytt og ha det kjekt i lag. Ei familievenleg ro-helg, rett og slett.

– Me ser fram til arrangementet, seier dei to lokale kystlagsmedlemane.

– Me håpar at det vert mange påmelde. Men det er det fylkeskystlaget som styrer med. Me reknar med at det blir påmelding heilt fram til arrangementshelga, seier Ådnanes.

Håpar at fleire vert med enn i fjoråret

– Kva ventar de sjølv, då, trur de at mange vil komma på Den store roen her på Bømlo?

– Ja, me kan ikkje anna tru. I fjor, på Tysnes, var det rundt 35 deltakarar frå heile Vestland. Me vonar sjølvsagt på fleire i år her hos oss, seier Ådnanes og Geitung, som tek mot Bømlonytt i hovudkvarteret for Bømlo Kystlag, den fint haldne Kanalvaktarbustaden, idyllisk plassert attmed Kuleseidkanalen.

Kjem både sjø- og landevegen

– Me reknar med at deltakarane kjem både sjøvegen og landevegen. Det vil vera både dei som kjem med båten på ein tilhengjar bak bilen, seier Sigurd Geitung.

– Ja, og dei som kjem med dei på slep. Og dei som kjem i større båtar med færingane på slep skal me også få plass til. Då gjer me som under Kanaldagane, då skøytene ligg fortøydd langs kanalen, seier Eirik Ådnanes.

Samlast ved Kuleseidkanalen

Som ein forstår vert Kuleseidkanalen åstad for samlinga av roarane. Austom campingplassen og gjestehamna vert det laga til ein «Den store roen»-camping for helga, og i vågen attmed er det god plass til trebåtane.

– For dei som kjem med båten på bilhengar, er det meininga at dei kan få sjøsetja ved saga mi inne på Åreid. Derfrå skal dei ro bort til Kuleseidkanalen, seier Ådnanes.

– På fredagen skal me bli kjent med kvarandre, så vil det også bli høve til omvising hos oss ved kystlaget og telemuseet. Me vil også fortelja om robåten me har som Lauritz Klubben brukte då han måtte rømma til Shetland, fortel dei.

EI KYSTKULTURSAMLING: Eirik Ådnanes og Sigurd Geitung ser fram til å ta mot mange kystkulturentusiastar frå heile Vestland, og ønskja dei velkomen til Den store roen på Bømlo om litt mindre enn ein månad.

Historie og innføring i lokal kystkultur

Laurdag vert det ein rotur ut til Lindøya, vest for Kuleseidkanalen. Dette er ein rotur på to timar, inn og ut.

Her vil øyeigar Karl Henrik Gjerde fortelja om soga til øya. På ettermiddagen blir det samling ved Kulleseidkanalen gjestehamn, der lokalforfattar Kurt Inge Larsen fortel historia om Melkevik og Kuleseidkanalen.

På søndagen vert det rotur inn til den tidlegare prestegarden på Finnås, der Brynjar Stautland vil fortelja om lokal geologi og soga til Sunnhordland geopark.

– Me har stor tru på ei kjekk helg. Så vonar me også at dette vil vera freistande for bømlingane. Det hadde vore skikkeleg kjekt om me fekk ei stor mengd med lokale roarar i færingar med på Den store roen når han først blir arrangert hos oss her på Bømlo! understrekar Ådnanes og Geitung.

Tupperware-skipperen må halda avstand

– Og det blir vel fleire færingar med frå kystlaget sjølv?

– Det veit me ikkje enno, men det skal me nok klara å få til, meiner dei to lokale kystlagsentusiastane.

– Men eg skal ikkje vera med. Eg skal i staden ha ansvar for å vera støttebåt til dei som ror. Men då må eg nok halda litt avstand til dei som er i trebåtane, seier Sigurd Geitung.

– Å, kvifor det?

– Vel, du veit, dei vil vel ikkje ha slike tupperware-båtar i plast for nær når dei ror, heller, seier han med glimt i augene bak brilleglasa.